


**Astri Hoffmann-Tollaas** er ein norsk-tysk cellist med røter frå Berlin og Vestlandet. Ho er utdanna hjå NTNU Institutt for musikk og Royal Academy of Music i London.

Etter fullført mastergrad i 2019 har ho hatt eit allsidig virke som utøvande cellist, både som orkestermusikar og kammermusikar i ulike ensembler og band. Ho har medverka i ei rekkje plateinnspelningar, mellom anna i *Visions of Tango*, eit samarbeid mellom pianist Håkon Skogstad og TrondheimSolistene som fekk tildelt Spellemannsprisen i kategorien klassisk i 2021. Astri Hoffmann-Tollaas har turnert med orkesteret rundt om kring i verda, men er òg ein driftig musikar i lokalmiljøet heime i Trøndelag kor ho arbeider som fylkesmusikar.



**Amalie Duesund** fullførte i juni i år mastergrad ved Norges Musikkhøgskole hjå prof. Tom Ottar Andreassen. Tidligare har ho studert ved Barratt Due Musikkinstitut med Trond Magne Brekka.

Amalie har lang erfaring med solo-, orkesterspel og kammermusikk og gjennom ei rekkje kurs opp gjennom åra, men først og fremst som aktiv freelancer både på Østlandet og Vestlandet. Kammermusikk er ei av hennar store drivkrefter som musikar, og ho gler seg enormt til å gjere konserter saman med Rune Alver og Astri Hoffmann-Tollaas.

Pianisten **Rune Alver** har lang fartstid som utøvar av Edvard Griegs musikk på Edvard Grieg Museum Troldhaugen. Han har spelt mange konsertar i Norge, Europa, Russland, Kina og Sør-Afrika. I 2013 debuterte han med solo-konsert i Carnegie Hall, New York.

Rune Alver samarbeider med framtrekande musikarar, skodespelarar og visuelle kunstnarar i tradisjonelle og meir eksperimentelle former. Han har spelt inn ei rekkje kritikerroste CD-ar, mellom anna den komplette klavermusikken til ei rekkje norske komponistar, sist Signe Lund sine klaververk.

